

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
079/16	Formannskapet	PS	08.06.2016
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 058	16/542

Årås skule - Overflytting av skulebiblioteket til biblioteket

Vedlegg:

Bibliotek - Notat

Framlegg til vedtak:

Ansvar for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja for post 10100 251 2700 med overføring frå post 14903 802 1903.

Ekstraressursen vert innarbeida i budsjettet for 2017.

Formannskapet - 079/16 - 08.06.2016

FS - behandling:

Fellesframlegg:

Ansvar for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja med overflytting frå ansvar 220 til 251.

Fellesframlegget vart samrøystes tilrådd.

FS vedtak:

Ansvar for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja med overflytting frå ansvar 220 til 251.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I samband med at den som har hatt ansvaret for skulebiblioteket vert pensjonert med verknad frå 01.08.16 er ein eventuell endring av ansvaret for skulebiblioteket aktuell.

Biblioteket overtok ansvaret for skulebiblioteket på Kaland skule i 2006 og har seinare førespurd Årås skule om biblioteket skulle overta ansvaret for skulebiblioteket, men avgjera for dette er blitt utsatt.

Skulen har no bedt bilbioteket om å overta ansvaret og biblioteket i Austrheim ynskjer å overta ansvaret for skulebiblioteket, men treng ekstra ressurser med 10% stilling i biblioteket for å utføre denne oppgåva. Kostnaden med 10% stilling er på årsbasis kr. 60.000,-. I tillegg kjem kr. 10.000,- til innkjøpe av bøker, sjå vedlagt notat frå biblioteksjefen.

Den organisatoriske løysing som ein no legg opp til, er heilt i tråd med korleis det regionale biblioteknivået tenkjer om det framtidige samarbeidet mellom skule- og folkebiblioteke i Nordhordland.

Vurdering

Eg finn det rimeleg at biblioteket får tilført 10 % stilling som vert tilført personell som jobber i biblioteket i dag. Kostnaden kr. 30.000,- vert overført til ansvar 251 frå ansvar 802.

Konklusjon

Eg rår til fylgjande:

Ansvaret for skulebiblioteket på Årås skule vert frå 01.08.16 overflytta til biblioteket i Austrheim. Kostnaden i 2016 kr. 30.000,- vert dekkja for post 10100 251 2700 med overføring frå post 14903 802 1903.

Ekstraressursen vert innarbeida i budsjettet for 2017.